



Kontrollutvalet

Bergen, 31. januar 2013

Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Torsdag 07.02.13 kl. 14.00

i kommunestyresalen

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, kari.nygard@hfk.no eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982, hogne.haktorson@hfk.no.
Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Jens Harald Abotnes (s)
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet
Ordførar i Samnanger kommune (har møte- og talerett)
Deloitte AS (har møte- og talerett)
Rådmannen i Samnanger kommune

Sakliste:

| Saknr. | Sak | Merknad |
|---------------|--|----------------|
| 01/13 | Godkjenning av innkalling og sakliste. | |
| 02/13 | Protokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.12. | Vedlegg |
| 03/13 | Meldingar / utvalet sitt kvarter | Vedlegg |
| 04/13 | Orienteringssaker | Vedlegg |
| 05/13 | Selskapskontroll av Business Region Bergen – Invitasjon til deltaking. | Vedlegg |
| 06/13 | Årsmelding for kontrollutvalet for 2013. | Vedlegg |
| 07/13 | Gjennomgang av møteprotokollar. | |
| | Ymse | |



SAMNANGER KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 29.11.12 **Kl.:** 14.00 – 17.45 **Stad:** Kommunestyresalen
Saknr.: 34/12 – 38/12

MØTELEIAR

Jens Harald Abotnes (Krf)

DESSE MØTTE

Hans Solberg (Sp)
 Elin Dyrseth Liøen (Ap)
 Svein Verner Røseth (Frp)
 Lena Tveit (Bygdalista)

FORFALL – ingen forfall

DESSUTAN MØTTE

Deloitte AS v/ Unni Renate Moe var med i møtet under orienteringssak nr. 4 og sak 36/12. Birte Bjørkelo var med i møtet under heile møtet, forutan sak nr. 38/12.

Ordfører Marit Aksnes Aase var med i møtet under orienteringssak nr. 1 og nr. 4, og sak 36/12.

Frå administrasjonen møtte rådmann Tone Ramsli og orienterte om prosjekt utbygging av Samnangerheimen (orienteringssak nr. 1).

Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

Sakliste:

| Saknr. | Sak |
|--------|--|
| 32/12 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 33/12 | Protokoll frå møte i kontrollutvalet 13.09.12 |
| 34/12 | Meldingar / utvalet sitt kvarter |
| 35/12 | Orienteringssaker |
| 36/12 | Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune |
| 37/12 | Bestilling av forvaltningsrevisjon – godkjenning av prosjektplan |
| 38/12 | Gjennomgang av møteprotokollar |
| | Ymse |

32/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste. Kontrollutvalet avgjorde at rekkefølgen vedr. handsaming av sakene i møtet vert:

- Først vert orienteringssak nr. 4 handsama, deretter sak 36/12. (revisjons-saker)
- Så vert sak orienteringssak nr. 1 handsama (orienteringssak frå administrasjonen)

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

33/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.09.12.

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 13.09.12.

VEDTAK

Protokollen frå møte 13.09.12 vart samrøystes godkjend.

34/12 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Desse meldingane vart lagt fram:

| Nr. | Melding frå: | Melding vedr.: |
|-----|----------------------|--|
| 1 | Kontrollutvalet | Utvalet sitt kvarter |
| 2 | Økonomikontoret | Rekneskapsstoda for kontrollutvalet sitt budsjettområde pr. november 2012 |
| 3 | Sekretariatet | Kortfatta referat frå kontrollutvalet i fylkeskommunen sin studietur til Brussel |
| 4 | Sekretariatet | Melding om at BIR har bestilt sjølvpålagt forvaltningsrevisjon |
| 5 | Sekretariatet | Fastsetje dato for første møte i kontrollutvalet i 2013 |
| | Evt. andre meldingar | Ymse |

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

HANDSAMING I MØTET

| Nr. | Melding frå: | Melding vedr.: |
|-----|-----------------|--|
| 1 | Kontrollutvalet | <p><u>Utvalet sitt kvarter:</u> Det vart teke opp om det er god nok styring med ulike utbyggingsprosjekt i kommunen. Følgjande spørsmålstillingar vart reist:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har kommunen rutinar for føring av prosjektrekneskap. ? - Vert i tilfelle rutinane følgde opp, og korleis skjer rapportering til politisk nivå når det gjeld ulike prosjekt ? - Korleis vert dette følgd opp, til dømes i samband med prosjekt som gjeld miljøgata på Ytre Tysse ? <p>Sekretariatet får i oppdrag å sende førespurnad til rådmann, med forslag om at nokon frå teknisk etat orienterer om dette på neste møte.</p> |
| 2 | Økonomikontoret | Rekneskapsstoda for kontrollutvalet sitt budsjettområde pr. november 2012 vart gjennomgått, kommentert og teke til orientering. |
| 3 | Sekretariatet | Sekretariatet refererte kort frå kontrollutvalet i fylkeskommunen sin studietur til Brussel. Informasjonen vart teke til orientering. |
| 4 | Sekretariatet | Det vart gjeve melding om at BIR har bestilt sjølvpålagt forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjonen skal gå over 2 -3 år og er på 1500 timar. Kontrollutvalet merka seg dette og tek meldinga til orientering. |

| | | |
|---|----------------------|--|
| 5 | Sekretariatet | Dato for første møte i kontrollutvalet i 2013 vert sett til torsdag 07.02.2013 kl. 14.00. Sekretariatet undersøker med kommuneadministrasjonen om når møteplan for heile året vert sett opp. I samråd med utvalsleiar vert det då utarbeida møteplan for utvalet for heile året, tilpassa kommunestyremøta. Slik møteplan for heile året vert sendt ut til kontrollutvalet til uttale på mail. |
| | Evt. andre meldingar | Ymse – sekretariatet opplyste at kontrollutvalet i fylkeskommunen har avgjort at det skal gjennomførast selskapskontroll av «Business Region Bergen». Førespurnad til alle eigarkommunane, om å vera med på prosjektet, vil bli sendt ut. Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering. |

VEDTAK

1. Sekretariatet førebur orienteringssak ut frå spørsmålstillingar under «Utvalet sitt kvarter».
2. Første møte i kontrollutvalet i 2013 vert sett til torsdag 07.02.13 kl. 14.00. Sekretariatet undersøker med kommuneadministrasjonen om når møteplan for heile året vert sett opp. I samråd med utvalsleiar vert det då utarbeida forslag til møteplan for utvalet for heile året, tilpassa kommunestyremøta. Slik møteplan for heile året vert sendt ut til kontrollutvalet til uttale på mail.

Dei andre meldingane vert tekne til orientering.

35/12 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssakene vart lagt fram:

| Nr. | Orientering frå: | Orientering vedrørende: |
|-----|------------------|---|
| 1 | Administrasjonen | Framdrift / status for prosjekt med utbygging / ombygging av Samnangerheimen |
| 2 | Administrasjonen | Rapport etter «Tilsyn vedr. psykososialt arbeidsmiljø i barne- og ungdomsskulen i Samnanger kommune». Brev som gjeld oppfølging av pålegg og svar tilbake frå Fylkesmannen om avslutting av tilsynet. |
| 3 | Administrasjonen | Økonomirapport pr. 2. tertial 2012 |
| 4 | Deloitte | Presentasjon av revisjonsplan og info om arbeid med interimrevisjon |
| 5 | Sekretariatet | Aktuelle konferansar for kontrollutvalet i 2013 <ul style="list-style-type: none"> • NKRF-konferanse 06.-07.02.13 • FKT-konferanse 05.-06.06.13 |
| | | Ymse |

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

| Nr. | Orientering frå: | Orientering vedrørende: |
|-----|------------------|---|
| 1 | Administrasjonen | Rådmann orienterte om framdrift / status for prosjekt med utbygging / ombygging av Samnangerheimen. Notat som oppsummerer stoda for prosjektet vart delt ut. Det vart orientert om kva som ligg i vedtaket om utbygging, og kva som vil bli vurdert i neste utbyggingssteg, og at dette i så fall må utgreiast. Spørsmål om kontrollutvalet skal be om liknande orienteringar frå administrasjonen vart drøfta. Rådmann peika på at det går mykje tid med til slik orientering, og ønskte at kontrollutvalet legg opp til å skaffa seg informasjon med hjelp av skriftleg dokumentasjon som ligg føre. Konklusjonen vart at spørsmål om korleis kommunikasjon mellom administrasjon og politisk nivå skal vera, vert å ta opp i samband med opplæring i forvaltningsrevisjon, som er planlagt saman med kommunestyret på nyåret. |

| | | |
|---|------------------|---|
| 2 | Administrasjonen | Rapport etter «Tilsyn vedr. psykososialt arbeidsmiljø i barne- og ungdomsskolen i Samnanger kommune» og brev som gjeld oppfølging av pålegg og svar tilbake frå Fylkesmannen var sendt ut saman med innkallinga. Kontrollutvalet kommenterte det som kjem fram i rapport og svarbrev. Rapporten vart teke til orientering. |
| 3 | Administrasjonen | Økonomirapport pr. 2. tertial 2012 vart gjennomgått og kommentert og teke til orientering. |
| 4 | Deloitte | Unni Renate Moe frå Deloitte presenterte revisjonsplan og arbeid med interimrevisjon. Kontrollutvalet kommenterte mellom anna at det har gått mykje tid med å ta i bruk det nye rekneskapssystemet / lønssystemet. Utvalet ønskjer ei tilbakemelding i samband med framlegging av rekneskap for 2012 – om dette er meirarbeid som vil bli vidare framover også. Det vart stilt spørsmål om det kan setjast krav til systemleverandør om betre tilrettelegging. Disponering av aksjeportefølgje vart og drøfta, dette bør vurderast i samband med handsaming av budsjett. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering, og ber om oppfølging av dei ting som vart peika på. |
| 5 | Sekretariatet | Aktuelle konferansar for kontrollutvalet i 2013 er: <ul style="list-style-type: none"> • NKRF-konferanse 06.-07.02.13 • FKT-konferanse 05.-06.06.13 Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. |
| | | Ymse Det vart drøfta om det er naudsynt med vidare opplæring i bruken av lesebrett. Konklusjon vart at det ikkje er naudsynt nå. |

VEDTAK

Nokre av orienteringssakene skal følgjast opp på nyåret. Kontrollutvalet tek elles orienteringane til orientering.

36/12 VURDERING AV OM DELOITTE ER UAVHENGIG I HØVE TIL SAMNANGER KOMMUNE

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

HANDSAMING I MØTET:

Unni Renate Moe presenterte uavhengighetserklæringa og informerte om personane som vil jobba med Samnanger kommune i året som kjem. Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering og framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

37/12 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON – GODKJENNING AV PROSJEKTPLAN

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon av kommuneadministrasjonen i Samnanger kommune
2. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan slik den ligg føre.
- 2 (Alternativt): Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan med dei endringar som kom fram i møtet. Utvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan

- 3 Arbeidet skal setjast i gong i tråd med framdriftsplan.
- 4 Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og / eller innarbeidd.

HANDSAMING I MØTET

Birte Bjørkelo frå Deloitte informerte om innhaldet i prosjektplanen som ligg føre i saka. Føremål med prosjektet og spørsmålstillingar vart gjennomgått og drøfta, særleg kva som skal vera målsetjinga med å gjennomføra dette prosjektet, samt omfang og ressursbruk. Det kom innspel til nokre endringar i prosjektplanen, og desse vart notert. Kontrollutvalet ville at prosjektplanen skulle endeleg godkjennast av utvalsleiar i samråd med sekretariatet. Deloitte bør og planlegga å gjennomføra noko arbeid med prosjektet i 2012. Vedtak som vart fatta i saka var samrøystes.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjon av kommuneadministrasjonen i Samnanger kommune
2. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan med dei endringar som kom fram i møtet. Utvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan
3. Arbeidet skal setjast i gong i tråd med framdriftsplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan mai 2013, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og / eller innarbeidd.

38/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Møteprotokollar, saklister og innkallingar vart gjennomgått. Nokre av sakene vart drøfta, men på noverande tidspunkt var det ingen saker ein ville gå vidare og undersøkjia nærmare. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

YMSE

Det var ingen saker å ta opp under ymse.

Jens Harald Abotnes
Leiar

Kari Nygard
Sekretær



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 07. februar 2013

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 03/13

03/13 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

| Nr. | Melding frå: | Melding vedr.: |
|-----|---------------------------------|---|
| 1 | Kontrollutvalet | Utvalet sitt kvarter |
| 2 | Sekretariatet | Møteplan for kontrollutvalet. Det er sett opp to møter våren 2013 i KUV: <ul style="list-style-type: none"> • 07.02.13 og 15.04.13. Vil kontrollutvalet leggja opp til fleire møter 1. halvår, og bør det setjast opp møtedatoar for hausthalvåret no ? |
| 3 | Økonomisjef | Budsjett for kontrollutvalet for 2013, med oversyn førebels rekneskap 2012. |
| 4 | Sekretariatet | Reglement for kontrollutvalet, og andre politiske utval er under arbeid. |
| 5 | Skatteoppkrevjar / Skatteetaten | Sekretariatet har motteke rapport etter stadleg kontroll frå Skatteetaten, og årsmelding for 2012 frå Skatteoppkrevjar. Sekretariatet gjer framlegg om at dette vert teke opp som sak på neste KUV-møte, saman med Kontrollrapport 2012 frå Skatteetaten, som vil koma medio februar. |
| 6 | Deloitte | Melding om kor langt ein er kome i arbeid med forvaltningsrevisjonsprosjekt vedr. «Internkontroll kommuneadministrasjonen». |
| | Evt. andre meldingar | Ymse |

FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Budsjett for kontrollutvalet for 2013.

| Konto | Konto (T) | Ansvar | Funksjon | Funksjon (T) | Rekneskap 2012* | Budsjett 2012 | Budsjett 2013 |
|-------|---------------------------------|--------|-------------|----------------------|-----------------|----------------|----------------|
| 12700 | Konsulenttenester | 1200 | 1100 | REVISJON | 159 168 | 158 000 | 158 854 |
| 14290 | Betalt mva - komskompensasjon | 1200 | 1100 | REVISJON | 39 292 | 38 760 | 38 760 |
| 17290 | Momsrefusjon drift | 1200 | 1100 | REVISJON | -39 292 | -38 760 | -38 760 |
| | | | 1100 | REVISJON | 159 168 | 158 000 | 158 854 |
| 10802 | Tapt arbeidsforteneste | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 0 | 10 000 | 10 000 |
| 10803 | Møtegodtgjøring | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 25 105 | 24 500 | 24 500 |
| 10990 | Arbeidsgjevaravgift | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 3 540 | 4 865 | 4 865 |
| 11001 | Faglitteratur, tidsskrift, avis | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 1 480 | 2 000 | 2 000 |
| 11150 | Matvarer | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 1 566 | 1 500 | 1 500 |
| 11501 | Kurs/ opplæring | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 13 498 | 15 000 | 15 000 |
| 11600 | Skyss- og kostgodtgjøring | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 0 | 5 000 | 5 000 |
| 11950 | Kontingentar | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 0 | 1 100 | 1 100 |
| 12004 | Datautstyr | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 6 224 | 0 | |
| 12700 | Konsulenttenester | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 155 920 | 160 055 | 165 201 |
| 13300 | Kjøp frå fylkeskommunen | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 90 420 | 92 000 | 96 000 |
| 14290 | Betalt mva - komskompensasjon | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | 63 698 | 89 640 | 89 640 |
| 17290 | Momsrefusjon drift | 1200 | 1101 | KONTROLLUTVAL | -63 698 | -89 640 | -89 640 |
| | Sum kontroll og revisjon | | 1101 | KONTROLLUTVAL | 297 752 | 316 020 | 325 166 |
| | | | | | 456 920 | 474 020 | 484 020 |

* rekneskap 2012 er ikkje avslutta



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 07. februar 2013

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 04/13

04/13 ORIENTERINGSSAKER

| Nr. | Orientering frå: | Orientering vedrørende: |
|-----|------------------|---|
| 1 | Rådmann | Utbyggingsprosjekt i Samnanger kommune <ul style="list-style-type: none"> • Har kommunen rutinar for føring av prosjektrekneskap ? • Vert rutinane følgde ? • Korleis vert det rapportert til politisk nivå når det gjeld ulike prosjekt • Oppfølging av prosjekt, særleg i samband med «Miljøgata på Ytre Tysse» |
| 2 | Sekretariatet | Kurs i forvaltningsrevisjonsarbeid for kommunestyret og kontrollutvalet, og evt. administrasjonen – drøfting og planlegging |
| 3 | Sekretariatet | Notat vedr. «Revisor sin plass i kommunestyremøter». |
| | | Ymse |

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Prosedyre for byggjerekneskap
- Notat vedr. «Revisor sin plass i kommunestyremøter»

| | |
|--------------------------------------|--|
| SAMNANGER KOMMUNE | |
| | |
| Prosedyre for byggjerekneskap | |

1. FORMÅL

Formålet med å laga byggjerekneskap er at me skal ha ein kortfatta men fullstendig oversikt over prosessen frå vedtak om oppstart av tiltaket til tiltaket er gjennomført. Fokus skal vera på den økonomiske sida av gjennomføringa.

2. BRUKSOMRÅDE

Det skal utarbeidast byggjerekneskap for alle einskildprosjekt som er ført i kapitalbudsjettet og som overstig **kr 200.000**. Byggjerekneskap kan også nyttast for større driftstiltak.

3. ANSVAR

Leiar av teknisk eining avgjer om det skal førast byggjerekneskap for tiltak innan ansvarsområdet sitt, rådmannen tek avgjerd for tiltak utanføre dette ansvarsområde. Sakshandsamar og/eller prosjektansvarleg ser til at rutinen vert følgt.

4. PPROSEDYRE FOR HANDSAMING

Byggjerekneskapen skal utan opphald leggjast fram for politisk handsaming i formannskap og kommunestyret.

5. SKILDRING

Utforming av byggjerekneskapen følgjer som vedlegg til denne prosedyren. Dokumenta skal under gjennomføringsfasen samlast fortløpande i perm hjå prosjektansvarleg/sakshandsamar.

6. DISTRIBUSJON

Prosedyren finnast i reglementspermen saman med økonomi- og finansreglementa.



SAMNANGER KOMMUNE

BYGGJEREKNESKAP
FOR

Byggjerekneskap – mal for Samnanger kommune

Alle prosjekt som er ført i investeringsrekneskapen og har ein kostnad på **kr 200.000** skal ha eit eige byggjerekneskap. For større eingongstiltak i driftsrekneskapen skal det vurderast om det er føremålstenleg å ha byggjerekneskap.

Kvart tiltak vil få eit eige prosjektnummer i rekneskapssystemet.

Alle prosjekt der det skal først byggjerekneskap skal ha ein **prosjektansvarleg**. Han er ansvarleg for at det vert ført fortløpande byggjerekneskap. Han er også ansvarleg for at det vert rapport fortløpande til rådmannen. Det vert utarbeidd eigen mal for fortløpande rapportering, og denne er bygd opp etter same prinsipp som byggjerekneskapen.

Innhald – struktur

1. Skildring av tiltaket

Her skal det gjerast greie for prosjektet, bakgrunnen for det og kva ein vil oppnå med tiltaket. Det kan evt. visast til kommunale planar, sentrale føringar m.m

2. Vedtak om oppstart og endringar

Her kan det vera fleire vedtak. Forankring av prosjektet finn me også fleire stader – i planar, i økonomiplan og budsjett og i eige vedtak. Alt skal omtalast, men det er sjølve vedtaket med finansiering som bør vera med som vedlegg.

Det vil også skje vedtak om endringar i planane for tiltaket og finansiering. Desse vedtaka skal også med både i tekst og vedlegg.

3. Organisering av prosjektet

Ansvarleg for prosjektet – prosjekteigar, prosjektleiar, byggeleiar/byggherreombod, styringsgruppe og evt. andre grupper, mandat

4. Framdriftsplan

Ved planlegging og seinast i samband med vedtak om igangsetting skal det lagast ein framdriftsplan for prosjektet. Detaljeringsgraden kan vera ulik for ulike prosjekt, men som minimum skal det vera ein dato for ferdigstilling. Milepælar bør settast inn. Endringar i framdrifta vil vera grunnlag for rapportering.

5. Økonomisk oversyn

Dette oversynet skal skje gjennom å nytta tabellar.

| A | B Budsjett/ kalkyle | C Revidert budsj | D Kontrakt | E Rekneskap | F Merknad til avvik |
|--|------------------------|---------------------|------------|-------------|------------------------|
| Total prosj | | | | | |
| Og evt. fordelt på fleire delprosjekt | | | | | |
| | | | | | |

A – Her bør det vera ei linje for heile prosjektet. For dei fleste prosjekta vil det vera aktuelt å dela prosjektet inn i fleire faser/delar. Denne tabellen vil vera avhengig av korleis me har fått inn prisar.

| |
|----------------------|
| A |
| Planlegging |
| Prosjektering |
| Total entreprise |
| Evt. grunn og betong |
| Eletrisk |
| VVA |
| Byggfag |
| Uteområde |
| Innreiing |
| Utstyr |
| etc |

B , C og E - Budsjett/kalkyle er det som ligg til grunn ved vedtaket om oppstart, dvs. det som er løyvd og det som er ført i rekneskapen. Me bør i tillegg ha med ein eigen tabell som viser finansiering.

| Finansieringskjelde | Opphavleg budsjett | Revidert budsjett | Rekneskap |
|--|--------------------|-------------------|-----------|
| Kapitalfond | | | |
| Lån | | | |
| Næringsfond | | | |
| Momsrefusjon | | | |
| Driftsmidlar | | | |
| Tilskot – private, fylkeskommune, stat m.m | | | |
| Etc | | | |

Oppsplittinga i tabellen vil sjølvsagt skje ut frå korleis innkome tilbod er spesifisert. Det er viktig at rekningane som kjem er delt opp i samsvar med tilbodet. Dersom budsjettet vert korrigert mange gonger i løpet av prosessen, må det lagast fleire kolonnar. I utgangspunktet vil endringar i budsjett her relatere seg til politiske vedtak, men det kan også tenkast at administrasjonen har fatta vedtak. Slike vedtak vil som oftast vera gjort innanføre gitt ramme, dvs. ombudsjettering mellom dei ulike postane, men det kan også tenkast at ramma vert utvida t.d. pga. at det kjem inn tilskot. Alle vedtak som vert gjort skal vera vedlegg til byggjerekneskapen. For å få desse inn skal det brukast fotnotar til tabellen.

D – Kontrakt. Summane her skal samsvara med det som det vert inngått avtale på. For prosjekt der ein inngår avtale om timepris, vil det mest alltid vera snakk om eit stipulert timeforbruk. Dette må omtalast på ein særleg måte.

I så godt som alle prosjekt vil ein undervegs gjera avtala – på byggjemøte t.d. - om ekstra arbeid og endra løysingar. Dette må inn i tabellen. Ved få endringar, kan det takast med under merknad. Alternativt kan me ha med ei eigen tabell om dette.

| | Tilbod/kontrakt | Endringar | Merknad til endring |
|----------------------|-----------------|-----------|---------------------|
| Planlegging | | | |
| Prosjektering | | | |
| Total entreprise | | | |
| Evt. grunn og betong | | | |
| Eletrisk | | | |
| VVA | | | |
| Byggfag | | | |
| Uteområde | | | |
| Innreiing | | | |
| Utstyr | | | |
| etc | | | |

F – Under merknader skriv ein inn forklaring til avvik. Dette skal også skje som fotnotar under tabellen. Det er svært viktig å ha med vedlegg. Desse må merkast med same nr. som fotnoten.

6. Skildring av gjennomføring av prosjektet.

Her vil det vera aktuelt å gå igjennom prosessen. Skildra evt. tilhøve som var uventa – både positive og negative. Og gi utfyllande merknader til evt. avvikande val av løysing.

7. Måloppnåing

Her trekk me linjene tilbake til føremålet med prosjektet. Kva har me oppnådd med prosjektet og er det i samsvar med det som var oppsett mål.

8. Avsluttande merknader

Her kan det vera aktuelt å seia noko om driftsmessige konsekvensar av prosjektet. Litt avhengig av type prosjekt kan fylgjande tema vera aktuelt å koma inn på

- Driftsmessige konsekvensar –endra utgifter til reinhald, straum, tilsette etc. Større eller mindre.
- Framtidig vedlikehald – dette er viktig både for bygningar og for anlegg.

Dersom dette er eit delprosjekt, må det seiast noko om det totale prosjektet.

9. Vedlegg

Utlysing og kontrakt kan vera aktuelt å leggja med.

Hovudvedtak om igangsetting

Bilde – desse kan både vera som vedlegg og som del av byggjerekneskapen.

Notat: Revisor sin plass i kommunestyremøter.**Til kontrollutvalsmøtet i Samnanger kommune 07.02.13****Orienteringssak nr. 3**

Revisor har gjennom kontrakt med kommunen plikt til å møte i kommunestyret når det er saker frå revisjonen på saklista. Dette er til dømes forvaltningsrevisjonsrapportar, rekneskap, planar, selskapskontrollar, andre saker revisjonen har arbeida med.

Dette notatet tar sikte på å gjere ordførar, kommuneadministrasjon og kontrollutvalet merksam på dette.

Revisor er i mange høve tilstades i kommunestyremøta utan at dei folkevalde er merksame på dette. Revisor har kompetanse og inngående kjennskap til sine saker. Revisor si moglegheit til å kunne svare på spørsmål og opp/avklare misforståingar bør nyttast i større grad enn i dag.

Sekretariatet vil føreslå følgjande for kontrollutvalet:

- 1) Når kontrollutvalet sender innstilling til kommunestyret på saker frå revisjonen vert det og vanlegvis tilrådd at revisor er tilstades i kommunestyremøtet og at ordførar vert gjort merksam på dette slik at ordførar kan gjere seg nytte av den kompetansen som er tilstades frå eigen revisor.
- 2) Dette notatet vert sendt ordførar med ei oppmoding om å ha kontakt med revisor når saker frå revisjonen er på saklista. Ordførar kan då, avhengig av sak, til dømes avtala at revisor og gjerne saman med utvalsleiar i kontrollutvalet, kan legge fram for kommunestyret viktige forvaltningsrevisjonsrapportar, selskapskontrollar, revisjonsmelding og planar.
- 3) Vidare er det greitt at revisor kan be om ordet om revisor finn at det er trong for oppklaring/avklaring ut frå drøfting av aktuelle saker. Kontrollutvalet sin leiar og nestleiar har lovfesta rett til å ta ordet i saker frå kontrollutvalet, jfr. Kommunelov og forskrift, men revisor har ikkje tilsvarende rett.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet **Dato:** 07. februar 2013
Sakshandsamar: Kari Nygard
Kopi til: **Sak:** 05/13

05/13 SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN – INVITASJON TIL DELTAKING

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i sak om «Plan for selskapskontroll for 2012 – 2016»:

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012
2. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
3. Delegering av mynde til KU i høve endringar og omprioriteringar i planen m.m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglementet kjem opp i løpet av hausten 2012.
4. Delegering av mynde til KU i høve «revisjon» og evaluering vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglementet kjem opp i løpet av hausten 2012.
5. I den grad Samnanger kommune vil ta initiativ til selskapskontroll skal det takast kontakt med dei andre samarbeidspartane i selskapet før kontrollen vert sett i bestilling. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

I den vedteke planen er det føreteke slik prioritering blant fleire alternative prosjekt:

1. Samnanger kommune si eigarstyring.
2. Nordheimsund Industrier AS
3. Storeholmen VTA AS
4. Business Region Bergen AS

Drøfting:

Når «Plan for selskapskontroll» er vedteke skal kontrollutvalet, til vanleg, velja prosjekt ut frå det som kjem fram i planen. Kommunestyret gjorde i sitt vedtak når det gjeld planen, atterhald om at kontrollutvalet kan gjera dette arbeidet. Det vart vedteke at dette skal koma fram av delegeringsreglement, som skulle vedtakast hausten 2012. Slikt reglement er ennå ikkje vedteke. Kontrollutvalet må difor handsame denne saka ut frå henvending som er kome om å delta i prosjekt med selskapskontroll av Business Region Bergen (BRB).

Det er motteke invitasjon frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune til å delta i ein felles selskapskontroll av Business Region Bergen (BRB) som dei har vedteke skal gjennomførast i 2013, jf vedlagte invitasjon m/vedlegg. Eit av vedlegga inneheld forslag til prosjektplan for denne selskapskontrollen. Arbeidet skal utførast av Deloitte som er den valde revisor for om lag 90 % av eigarane i BRB.

Av forslag til prosjektplanen frå Deloitte går det fram at prosjektet kan gjennomførast i to delar:

- **Eigarskapskontroll** – Punkt 1.3 – A) Problemstillingar knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga
- **Forvaltningsrevisjon** – Punkt 1.3 – B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har vald å gjennomføre begge desse delane, men det er fullt mogeleg å berre gjennomføre ein av delane. Slik sekretariatet ser det vil det vera kostbart og lite føremålstenleg at kontrollutvalet i Samnanger kommune gjennomfører eigarskapskontroll for berre dette eine selskapet. Det vil truleg vera meir nyttig å gjennomføre felles eigarskapskontroll av alle eigarskapa som Samnanger kommune har på eit seinare tidspunkt. Bergen kommune har og sagt ja til å delta i prosjektet, på den delen som gjeld forvaltningsrevisjon.

Når det gjeld å delta i forvaltningsrevisjonen som Deloitte skal gjennomføre i selskapet, vil det for Samnanger kommune dreie seg om små kostnader i den totale samanheng. Dersom dei to største eigarane, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune med 35% eigardel kvar samt to kommunar utanom desse deltek, vil kostnadane ikkje verte større enn rundt kr. 7.000 til kr. 8.000 + mva. for kommunen inkludert presentasjon av rapporten for kontrollutvalet, jf. i den samanheng reknemodell som går fram av vedlagte invitasjon.

Når invitasjonen til å delta i dette regionale prosjektet ligg føre no vil det vera fornuftig å seie ja til deltaking. Dersom Samnanger kommune, på eit seinare tidspunkt, skulle velja å gjennomføre selskapskontroll av dette selskapet på eiga hand, ville det medføra store kostnader for kommunen. Når det gjeld innhaldet i prosjektplanen vil kontrollutvalet i Samnanger kommune ha høve til å komme med innspel eller endringar i forslag til prosjektplan dersom ønskjeleg. Sekretariatet vil likevel tilrå at prosjektplanen vert godkjent slik den ligg føre.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i Samnanger kommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll, for den delen som gjeld forvaltningsrevisjon, av Business Region Bergen. Forslag til prosjektplan bør leggest til grunn slik den ligg føre. Sekretariatet vil også tilrå at kontrollutvalet ber Deloitte om å presentere resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig. Det vert også tilrådd at det vert lagt inn ein opsjon på eventuell presentasjon av rapporten for kommunestyret.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Samnanger kommune seier nei til å delta i felles regional selskapskontroll av Business Region Bergen når det gjeld den delen som gjeld eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Samnanger kommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Business Region Bergen når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon.
3. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med forslag til prosjektplan som ligg føre.
4. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
5. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 09.01.13. I tillegg kjem kostnader til presentasjon av rapport for kontrollutvalet og opsjon på eventuell presentasjon for kommunestyret.
6. Tidspunkt for levering av revisjonsrapport vert å komme tilbake til i neste møte.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar



Kontrollutvala i kommunane:

Bergen, Askøy, Fjell, Os, Stord, Austevoll, Fusa, Samnanger, Sund, Vaksdal og Øygarden samt Regionrådet i Nordhordland IKS

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201209081-8/015/ROBR

Dykkar ref.:

Bergen, 09. januar 2013

Selskapskontroll av Business Region Bergen - Invitasjon til deltaking

Bakgrunn for saka:

I Hordaland fylkeskommune sin vedtekne plan for selskapskontroll er Business Region Bergen (BRB) eit av dei prioriterte selskapa for selskapskontroll i perioden 2012 – 2016.

I forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 13, Selskapskontroll, står det m.a. dette under merknader:

"I kommunalt/fylkeskommunalt eid selskap med mange eiere som hver for seg gjennom sine kontrollutvalg kan kreve innsyn i selskapet for å gjennomføre selskapskontroll etter denne bestemmelsen, kan det være hensiktsmessig at slikt innsyn blir samordnet gjennom avtale mellom deltakerne/eierne."

Vidare står det m.a. dette på side 114 i kontrollutvalsboka:

"Dersom selskapet som skal kontrollerast er eigd av fleire kommunar, vil det vere føremålstenleg at kontrollutvala i eigarkommunane samordnar kontrollen for å unngå unødige belastning for selskapet."

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune slikt vedtak i sak 57/12 i møte 18.12.12:

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Business Region Bergen AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, pluss ev. presentasjon i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 2.4.2013. Oppstart skjer først når vi veit kor mange som vil vera med.

Saksframlegg, forslag til prosjektplan frå Deloitte og særutskrift frå handsaminga i dette møtet ligg ved.

Saka vart også handsama i møte 19.11.12 og saksframlegg, og særutskrift frå dette møtet ligg også ved.

Drøfting:

I tråd med punkt 3 i vedtaket i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 18.12.12 vert kontrollutvalet i din kommune invitert til å delta i ein felles selskapskontroll av Business Region Bergen (BRB).

Av forslag til prosjektplanen frå Deloitte går det fram at prosjektet kan gjennomførast i to delar:

- **Eigarskapskontroll** – Punkt 1.3 – A) Problemstillingar knytt til den kommunale eigarskapsforvaltninga
- **Forvaltningsrevisjon** – Punkt 1.3 – B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har vald å gjennomføre begge desse delane, men det er fullt mogeleg å berre gjennomføre ein av delane. Kostnadene med å delta i **eigarskapskontroll** for eigen kommunes eigarskapsforvaltning er i forslag til prosjektplan berekna til 65 – 75 timar for den einskilde kommune.

Aktuell kommune sin andel av kostnadene dersom ein ønskjer å delta i **forvaltningsrevisjon** i BRB, kan bereknast etter ein slik modell:

Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon i BRB skal kostnadene delast mellom dei kommunane som vil vera med på selskapskontroll ut frå forholdsvis eigarskap.

Døme: Dersom 77,2 % av eigarane vil vera med vil dette gi ein slik prosentvis kostnad for ein kommune som eig 3,6 %:

Alle eigardelar 100% / eigardelar som er med 77,2 % * eigarkommune X 3,6 % = 4,7 % av kostnadene.

I tillegg til desse kostnadene må den einskilde kommune betale dersom Deloitte deltek i møte i kontrollutvalet for t.d. å presenterer rapporten. Dersom kommunen vidare ønskjer at Deloitte skal presentere rapporten for kommunestyret vil dette komme i tillegg.

Timeprisen som vert lagt til grunn i dette prosjektet er timeprisen som den einskilde kommune har i sin avtale med Deloitte. Timeprisen for dei andre kommunane som ønskjer å delta i prosjektet vert opplyst på munnleg førespurnad til sekretariatet.

Det er også mogeleg for kontrollutvala i dei andre eigarkommunane som vil delta i prosjektet å komme med innspel og ønskje til endringar eller presiseringar i forslag til prosjektplan som no ligg føre. Dette vert teke omsyn til i så stor grad som mogeleg før prosjektet vert starta opp.

Det kan elles opplysast om at det er ei målsetting å laga ein felles revisjonsrapport til alle eigarkommunane som vil delta når det gjeld **forvaltningsrevisjon** medan det vert laga rapport til kvar einskild kommune når det gjeld **eigarskapskontrollen**.

Konklusjon:

Ut frå dette ber vi om at kontrollutvalet i din kommune tek stiling til desse spørsmåla:

1. Ønskjer kommunen at Deloitte skal gjennomføre **eigarskapskontroll** av Business Region Bergen?
2. Ønskjer kommunen å delta i **forvaltningsrevisjon** som Deloitte skal gjennomføre av Business Region Bergen?
3. Dersom kommunen svarer ja på punkt 1, 2 eller begge ber vi om ev. innspel eller endringar i forslag til prosjektplan.

Vi ber om at svar vert send hit **seinast innan 2.4.2013**. Dersom vi ikkje har høyrte noko frå din kommune innan denne fristen reknar vi med at det ikkje er ønskjeleg å delta i prosjektet.



Hogne Haktorson
kontrollsjef

Vedlegg: Saksframlegg sak 51/12 i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 19.11.12
Særutskrift sak 51/12 i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 19.11.12
Saksframlegg sak 57/12 i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 18.12.12
Forslag til prosjektplan frå Deloitte dagsett 4.12.12
Særutskrift sak 57/12 i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 18.12.12

Kopi: Deloitte

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak 201209081-1
 Arkivnr. 015
 Saksh. Breistein, Roald

| Saksgang | Møtedato |
|-----------------|-----------------|
| Kontrollutvalet | 19.11.2012 |

SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN - BESTILLING

SAMANDRAG
Bakgrunn for saka:
Kontrollutvalet gjorde m.a. slikt vedtak i sak 39/12 i møte 23.08.12:

”Vidare ønskjer kontrollutvalet å gjennomføre selskapskontroll innan Business Region Bergen AS. Før denne selskapskontrollen vert starta opp, vert sekretariatet bede om å ta kontakt med dei andre eigarkommunane med førespurnad om dei vil delta i eit felles prosjekt.”

Eigarstruktur i selskapet:

I årsrapport 2011 for Business Region Bergen AS (BRB) går det fram at selskapet er heileigd av Hordaland fylkeskommune og ei rekkje kommunar. Eigarstrukturen i selskapet er slik:

| | |
|---|--------|
| Bergen kommune | 35,0% |
| Hordaland fylkeskommune | 35,0% |
| Askøy kommune | 3,6% |
| Fjell kommune | 3,6% |
| Os kommune | 3,6% |
| Regionrådet i Nordhordland IKS (9 kommunar) | 3,6% |
| Stord kommune | 3,6% |
| Austevoll kommune | 2,0% |
| Fusa kommune | 2,0% |
| Samnanger kommune | 2,0% |
| Sund kommune | 2,0% |
| Vaksdal kommune | 2,0% |
| Øygarden kommune | 2,0% |
| | <hr/> |
| | 100,0% |

Vald revisor:

Deloitte AS er for tida den valde revisor for BRB. Deloitte er også den valde revisor for dei to største eigarane og 7 av dei andre eigarane. Desse eigarane representerer til saman ca 88,8 % av eigarskapen. KPMG AS er den valde revisor for 3 av eigarkommunane og dette utgjør 7,6 % av eigarskapen. Dei siste 3,6% av eigarskapen er eigd av Regionrådet i Nordhordland IKS som representerer 9 kommunar. Av desse 9 kommunane har 8 av dei Nordhordland revisjon IKS som sin valde revisor og ein kommune har Deloitte som vald revisor.

Sekretariatet har nyleg delteke på samling for kontrollutvalssekretariat frå Sør-Trøndelag i nord til Rogaland i sør. Selskapskontroll i selskap med fleire eigarar var eit av fleire hovudtema som var diskutert på denne samlinga, og vi fekk fleire gode innspel til korleis ein slik selskapskontroll kan gjennomførast. Det kom m.a. fram at det vil vera ei føremon at ein invitasjon til dei andre eigarkommunane inneheld eit forslag til ein prosjektplan som inneheld føremål, problemstillingar, deling av kostnader og kven som skal gjennomføre prosjektet. På bakgrunn av dette vert denne saka lagt fram for kontrollutvalet.

Drøfting:**Definering av føremål og problemstillingar**

Det første kontrollutvalet må ta stilling til er kva ein vil ha svar på i samband med selskapskontroll av BRB. Dette kan gjerast ved å diskutere seg fram til kva problemstillingar utvalet vil ha svar på samt ev. avgrensing av prosjektet. Med utgangspunkt i problemstillingar og ev. avgrensing kan utvalet også utforme eit føremål med selskapskontrollen.

Eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon

I godkjend "Plan for selskapskontroll 2012 – 2016" er selskapskontroll definert på denne måten:

"Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarkontrollen kan omfatte:

- *Kontroll ved selskapsetablering.*
- *Kontroll av at fylkeskommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa.*
- *Kontroll av at eigarskapa er forsvarleg i høve til føremål og type verksemd.*
- *Kontroll av at eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse.*
- *Kontroll av at selskapa fylkeskommunen har eigarinteresser i følgjer aktuelle verksemdlover og anna relevant lovgjeving.*
- *Kontroll av at den som forvaltar fylkeskommunen sine eigarinteresser opptrer i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader.*

Valfri forvaltningsrevisjon

Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men fylkeskommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå fylkestinget sine vedtak og føresetnader."

Det er også mogeleg å gjennomføre ein kombinasjon av desse to variantane og i kontrollutvalsboka står det m.a. dette i kap 8:

"Er det muleg å skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap?"

Det blir i praksis gjennomført ei rekkje selskapskontrollar som kombinerer element både frå eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Dette kan gjelde kontrollar i selskap der ein gjer ei kartlegging av til dømes økonomisk status, innkjøpsrutinar, sjukefråvær og liknande. Dette er

undersøkingar som ikkje berre fokuserer på eigarskapsforvaltninga og kommunen sin kontroll med selskapa, men som også ser på sjølve drifta i det aktuelle selskapet. Samtidig fordjupar ikkje undersøkinga seg slik som ein forvaltningsrevisjon vil gjere. Ein slik kontroll vil i hovudsak vere av beskrivande karakter, og i nokre tilfelle også utan å basere seg på nokon konkrete revisjonskriterium, slik det er krav om i ein forvaltningsrevisjon.”

På bakgrunn av definert føremål og problemstillingar vil det kunne avspegle seg om det bør gjennomførast rein eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon eller ein kombinasjon av begge deler.

Fordeling av kostnader

Kostnadene med ein slik selskapskontroll vil avhenge av om det skal gjennomførast eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon eller ein kombinasjon av begge deler.

Ved gjennomføring av eigarskapskontroll vil det kunne reknast kostnader for kvar einskild kommune kvar for seg ut frå kor mykje arbeide det vil medføre i den einskilde kommune.

Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon i BRB bør kostnadene delast mellom dei kommunane som vil vera med på selskapskontroll ut frå forholdsvis eigarskap.

Dersom 77,2 % av eigarane vil vera med vil dette gi ein slik prosentvis kostnad for ein kommune som eig 3,6 %:

Alle eigardelar 100% / eigardelar som er med 77,2 % * eigarkommune X 3,6 % = 4,7 % av kostnadene

I tilfelle det vert ein kombinasjon av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon vert det også ein kombinasjon av begge kostnadene slik:

Eigarskapskontroll i eigen kommune
+ Andel av kostnad med forvaltningsrevisjon
= Totalkostnad

Kven bør gjennomføre selskapskontrollen

Det mest vanlege er at det er den valde revisor som gjennomfører selskapskontrollar for kontrollutvalet. Hordaland fylkeskommune har som kjent Deloitte som den valde revisor og dei er også vald revisor for BRB. Spørsmålet er da om Deloitte vil vera habil til å gjennomføre denne selskapskontrollen på bakgrunn av at dei har begge desse rollene, vil fort dukke opp. I 2010 vart dette temaet belyst i samband med ei tilsvarande sak og Deloitte gjorde då ei vurdering av si eiga uavhengighet der det m.a. går fram dette:

”Dersom kontrollutvalget ønsker at det gjennomføres en forvaltningsrevisjon i et selskap hvor Deloitte er selskapets valgte revisor, vil dette være en utvidet oppgave i forhold til den lovpålagte regnskapsrevisjonen. Forvaltningsrevisjonen kan ses på som en avtalt kontrollhandling som det ikke er noe til hinder for at kommunens valgte revisor kan utføre.

På grunn av at regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon ikke er overlappende oppgaver, vil selskapets revisor i utgangspunktet heller ikke være i en situasjon hvor vedkommende kontrollerer seg selv. Det tilsier at det ikke vil foreligge særlige omstendigheter som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet.”

Brev frå Deloitte dagsett 27.05.2010 om revisors uavhengighet ligg ved.

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak 19/10 i møte 17.6.10

”Kontrollutvalet spør om FKT vil gjera ei vurdering av om fylkeskommunen sin valde revisor

også kan vera revisor for fylkeskommunalt eigde selskap, utan at dette kjem i konflikt med rolla som den valde revisor.”

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) tok saka og dei engasjerte Lic. Jur. Oddvar Overå til å gjera ei slik vurdering. Overå skreiv eit notat til FKT dagsett 22.12.10 som ligg ved. Av utgreiinga til Overå går det fram m.a. slik konklusjon:

”Når det gjelder” § 80— selskaper “er jeg således kommet til at det ikke kan være noe i veien for at kommunens revisor kan gis i oppdrag a utføre selskapskontroll selv om vedkommende også er valgt revisor for det aktuelle selskapet. Dette er temmelig opplagt når det gjelder selskaper hvor en kommune/fylkeskommune alene eier alle aksjene i et selskap, men ut fra den forutgående argumentasjon må konklusjonen rettslig sett bli den samme når det er flere kommuner og/ eller fylkeskommuner som er eiere.”

Slik sekretariatet vurderer det kan konklusjonane til Deloitte og Overå tolkast slik at det ikkje er noko problem at Deloitte gjennomfører denne selskapskontrollen. Vi er heller ikkje kjend med andre opplysningar som skulle tilseie noko anna.

Andre forhold

Når invitasjon til å delta i ein slik selskapskontroll skal handsamast i kontrollutvala i dei kommunane med små eigardelar vil sekretariatet vurderer å tilrå at dei skal sei ja til å delta med atterhald om at eigarar med minst 70 % av eigarskapen vert med.

Konklusjon:

Det vert invitert til drøfting knytt til formulering av føremål, problemstillinger, ev avgrensing av prosjekt og bestilling av forslag til ein prosjektplan.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til førebels prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillinger, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 04.12.12.
4. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 18.12.12.
5. Etter at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har godkjent førebels prosjektplanen skal dei andre eigarkommunane kontaktast med førespurnad om dei vil vera med på denne selskapskontrollen med utgangspunkt i prosjektplanen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Vedlegg: Brev frå Deloitte dagsett 27.05.2010 om revisors uavhengighet
Notat frå Lic.Jur. Oddvar Overå til FKT dagsett 22.12.10



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201209081
Arkivnr. 015
Sakshandsamar Breistein, Roald

| Saksgang | Møtedato | Saknr. |
|-----------------|----------|--------|
| Kontrollutvalet | 19.11.12 | 51/12 |

SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN - BESTILLING

Kontrollutvalet 19.11.12

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til førebels prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 04.12.12.
4. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 18.12.12.
5. Etter at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har godkjent førebels prosjektplan skal dei andre eigarkommunane kontaktast med førespurnad om dei vil vera med på denne selskapskontrollen med utgangspunkt i prosjektplanen.

HANDSAMING I MØTE

Sekretariatet orienterte om det arbeidet som er gjort på området så langt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart etter felles diskusjon samde om slik føremål og slike problemstillingar:

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Business Region Bergen (BRB). Vidare er det føremål å undersøke om BRB har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og aksjelova.

Følgjande problemstillingar skal undersøkast:

1. Utøvar Hordaland fylkeskommune kontroll med Business Region Bergen i tråd med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
2. Er det tilstrekkeleg grad av samhandling mellom Hordaland fylkeskommune og dei andre eigarane når det kjem til styringa av selskapet?
3. Er vedtektene for selskapet i samsvar med føremålet og politiske vedtak?
4. Korleis sikrar Hordaland fylkeskommune at selskapet driv i samsvar med gjeldande vedtekter, kommunale vedtak og andre føringar frå eigar?

5. Har selskapet etablert system og rutiner for å sikre at selskapet driv i samsvar med aksjelova?
 - a. Har selskapet ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiing?
 - b. Har selskapet eit system for å kartleggje og setje i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir overhaldne?
6. Er resultatet og ressursbruk i tråd med dei måla som er sett opp for selskapet?

Forslag til vedtak vart etter dette samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Business Region Bergen AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til førebels prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 04.12.12.
4. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 18.12.12.
5. Etter at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har godkjent førebels prosjektplan skal dei andre eigarkommunane kontaktast med førespurnad om dei vil vera med på denne selskapskontrollen med utgangspunkt i prosjektplanen.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 21. november 2012

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Arkivsak 201209081-4
Arkivnr. 015
Saksh. Breistein, Roald

| Saksgang | Møtedato |
|-----------------|-----------------|
| Kontrollutvalet | 18.12.2012 |

SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN - FORSLAG TIL PROSJEKTPLAN

SAMANDRAG

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 51/12 i møte 19.11.12:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Business Region Bergen AS.*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til førebels prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 04.12.12.*
4. *Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 18.12.12.*
5. *Etter at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har godkjent førebels prosjektplan skal dei andre eigarkommunane kontaktast med førespurnad om dei vil vera med på denne selskapskontrollen med utgangspunkt i prosjektplanen.*

Med utgangspunkt i vedtaket 19.11.12 har Deloitte levert eit forslag til prosjektplan for "Selskapskontroll Business Region Bergen AS". Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av prosjektplanen går det fram at føremålet og problemstillingane med revisjonen er:

"Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Business Region Bergen AS (BRB). Vidare er det føremål å undersøke om Business Region Bergen har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og aksjelova."

Følgjande problemstillingar vil bli undersøkte:

A) Problemstillingar knytt til den fylkeskommunale eigarskapsforvaltninga:

1. Utøver Hordaland fylkeskommune (og ev andre kommunar) kontroll med Business Region Bergen i tråd med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
2. Korleis sikrar Hordaland fylkeskommune at selskapet driv i samsvar med gjeldande vedtekter, fylkeskommunale vedtak og andre føringar frå eigar?
3. Er det tilstrekkeleg grad av samhandling mellom Hordaland fylkeskommune og dei andre eigarane når det kjem til styring og oppfølging av selskapet?
4. I kva grad følgjer Business Region Bergen opp fylkeskommunale vedtak og andre føringar?
 - a. Er vedtektene for selskapet i samsvar med føremålet og politiske vedtak?

B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

5. I kva grad driv Business Region Bergen i samsvar med vedtektene?
6. Har selskapet ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigarar, styret og selskapet si daglege leiing?
7. Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med aksjelova?
 - a. I kva grad gjennomfører selskapet generalforsamlingar i samsvar med føresegner i aksjelova?
 - b. I kva grad utøver styret sitt tilsynsansvar i samsvar med føresegner i aksjelova?
 - c. Har selskapet eit system for å kartleggje og setje i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir overhaldne?
8. Er resultatet og ressursbruk i tråd med dei måla som er sett opp for selskapet?
 - a. I kva grad er det sett konkrete mål for selskapet?
 - b. I kva grad har selskapet ei økonomisk forsvarleg drift sett i høve til fastsette mål?

Sekretariatet har vidare merka seg at Deloitte m.a. skriv dette i prosjektplanen:

”Dersom kontrollutvalet i andre eigarkommunar ønskjer å delta i gjennomføringa av selskapskontrollen vil problemstillingane knytt til den (fylkes-) kommunale eigarskapsforvaltninga (A) bli undersøkt for kvar eigarkommune. Handsaminga av problemstillingane knytt til drifta i selskapet (B) vil vere den same for alle eigarkommunane.”

Drøfting:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar kontrollutvalet har gjeve. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med føringar gjeve frå kontrollutvalet.

I denne selskapskontrollen vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju og verifisering og høyring som metode. Intervju vil verta gjort med personar frå selskapet og representantar for Hordaland fylkeskommune, til saman ca. 7 personar.

Prosjektplanen er vidare utforma på ein måte som legg til rette for at dei andre eigarkommunane på ein oversiktlig og grei måte kan ta stilling til om dei ønskjer å delta i denne selskapskontrollen. I praksis vil det sei at ein kommune som ønskjer å delta i prosjektet kan få ein slik kostnad

- Eigarskapskontroll i eigen kommune 65 – 75 timar
- Aktuell kommune sin andel av kostnadene i forvaltningsrevisjon i BRB, etter ein slik modell:

Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon i BRB bør kostnadene delast mellom dei kommunane som vil vera med på selskapskontroll ut frå forholdsvis eigarskap.

Dersom 77,2 % av eigarane vil vera med vil dette gi ein slik prosentvis kostnad for ein kommune som eig 3,6 %:

Alle eigardelar 100% / eigardelar som er med 77,2 % * eigarkommune X 3,6 % = 4,7 % av kostnadene.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at det vert disponert ein ressurs på inntil maks timetal som ligg i forslag til prosjektplan. Det er ikkje lagt inn ein opsjon i prosjektplanen, som går på at dersom kontrollutvalet ber om ein presentasjon av revisjonsrapporten i fylkestinget, vil det føre til fakturering av fleire timar. Dette vil sekretariatet tilrå at vert teke med i bestillinga.

Konklusjon:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar kontrollutvalet gav i førre møte. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med føringar gjeve frå kontrollutvalet.

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet i tillegg inviterer dei andre eigarkommunane til å vera med å delta i denne selskapskontrollen. Nå det gjeld tal timar vil sekretariatet tilrå at kontrollutvalet godkjenner inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen, pluss opsjon på ev. presentasjon i fylkestinget.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Business Region Bergen AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 8.01.13. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, pluss ev. presentasjon i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 2.4.2013. Oppstart skjer først når vi veit kor mange som vil vera med.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Vedlegg: Prosjektplan

Selskapskontroll | Hordaland fylkeskommune

Business Region Bergen AS

Prosjektplan/engasjementsbrev



Innhold

| | |
|---|----------|
| 1. Føremål og problemstillingar | 3 |
| 1.1 Bakgrunn | 3 |
| 1.2 Om selskapet..... | 3 |
| 1.3 Føremål og problemstillingar | 3 |
| 1.4 Deltaking frå andre eigarkommunar | 4 |
| 2. Metode | 5 |
| 2.1 Innleiing | 5 |
| 2.2 Dokumentanalyse..... | 5 |
| 2.3 Intervju | 5 |
| 2.4 Verifisering og høyring..... | 5 |
| 3. Kontrollkriterium | 6 |
| 3.1 Kontrollkriterium..... | 6 |
| 3.2 Vedtekter for selskapet..... | 6 |
| 3.3 Aksjonæravtale | 6 |
| 3.4 Aksjelova | 7 |
| 3.5 Kommunens Sentralforbund sine retningslinjer for eigarstyring | 7 |
| 3.6 Fylkeskommunale vedtak | 8 |
| 3.6.1 Eigarskapsmelding | 8 |
| 4. Tid og ressursbruk..... | 9 |
| 4.1 Nøkkelpersonell..... | 9 |
| 4.2 Tidsbruk | 9 |
| 4.3 Gjennomføringsplan | 9 |
| 4.4 Anna | 9 |

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, 19.11.2012, sak 51/12, utarbeidd prosjektplan for selskapskontroll av Business Region Bergen AS.

1.2 Om selskapet

Business Region Bergen AS blei etablert 2007. Selskapet sitt føremål er å drive regional næringsutvikling, etablerertjeneste, profilering og marknadsføring, samt andre tenester som naturleg fell saman med dette, under dette å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalte næringssegment.

Eigarane av selskapet er som følgjer (eigarandel i parentes):

| | |
|------------------------------|---------|
| Bergen kommune | (35 %) |
| Hordaland fylkeskommune | (35 %) |
| Regionrådet Nordhordland IKS | (3,6 %) |
| Fjell kommune | (3,6 %) |
| Stord kommune | (3,6 %) |
| Askøy kommune | (3,6 %) |
| Os kommune | (3,6 %) |
| Austevoll kommune | (2 %) |
| Fusa kommune | (2 %) |
| Samnanger kommune | (2 %) |
| Sund kommune | (2 %) |
| Vaksdal kommune | (2 %) |
| Øygarden kommune | (2 %) |

1.3 Føremål og problemstillingar

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Business Region Bergen AS (BRB). Vidare er det føremål å undersøke om Business Region Bergen har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og aksjelova.

Følgjande problemstillingar vil bli undersøkte:

A) Problemstillingar knytt til den fylkeskommunale eigarskapsforvaltninga:

1. Utøver Hordaland fylkeskommune (og ev andre kommunar) kontroll med Business Region Bergen i tråd med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
2. Korleis sikrar Hordaland fylkeskommune at selskapet driv i samsvar med gjeldande vedtekter, fylkeskommunale vedtak og andre føringar frå eigar?
3. Er det tilstrekkeleg grad av samhandling mellom Hordaland fylkeskommune og dei andre eigarane når det kjem til styring og oppfølging av selskapet?
4. I kva grad følgjer Business Region Bergen opp fylkeskommunale vedtak og andre føringar?
 - a. Er vedtektene for selskapet i samsvar med føremålet og politiske vedtak?

B) Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

5. I kva grad driv Business Region Bergen i samsvar med vedtektene?
6. Har selskapet ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigarar, styret og selskapet si daglege leiing?
7. Har selskapet etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med aksjelova?
 - a. I kva grad gjennomfører selskapet generalforsamlingar i samsvar med føresegner i aksjelova?
 - b. I kva grad utøver styret sitt tilsynsansvar i samsvar med føresegner i aksjelova?
 - c. Har selskapet eit system for å kartleggje og setje i verk tiltak for å sikre at krav i regelverket blir overhaldne?
8. Er resultatet og ressursbruk i tråd med dei måla som er sett opp for selskapet?
 - a. I kva grad er det sett konkrete mål for selskapet?
 - b. I kva grad har selskapet ei økonomisk forsvarleg drift sett i høve til fastsette mål?

1.4 Deltaking frå andre eigarkommunar

Dersom kontrollutvalet i andre eigarkommunar ønskjer å delta i gjennomføringa av selskapskontrollen vil problemstillingane knytt til den (fylkes-) kommunale eigarskapsforvaltninga (A) bli undersøkt for kvar eigarkommune. Handsaminga av problemstillingane knytt til drifta i selskapet (B) vil vere den same for alle eigarkommunane.

2. Metode

2.1 Innleiing

Prosjektet vil bli gjennomført i samsvar med RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon, og rettleiing for gjennomføring av selskapskontroll.

2.2 Dokumentanalyse

Innsamla dokumentasjon og kjeldemateriale i form av lover, kommunale vedtak, relevant selskapsinformasjon, og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar og regelverk m.m. vil bli analysert. Innsamla kjeldemateriale vil bli vurdert i forhold til kontrollkriteria. Analyse av modell for sjølvkostrekneskap vil inngå som ein del av dokumentanalysen.

2.3 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje personar frå selskapet og representantar for Hordaland fylkeskommune.

Aktuelle intervjujupersonar er styreleiar for selskapet, dagleg leiar og økonomiansvarleg, samt tilsette i Hordaland fylkeskommune med særskilt ansvar/arbeidsoppgåver knytt til oppfølging av selskapet. Vi tar sikte på å intervjuje sju personar, avhengig av korleis selskapet er organisert. Endeleg utval av personar som skal intervjuast vil bli gjort etter innleiande dokumentanalyse.

2.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervjua vil bli sendt til intervjuobjekta for verifisering. Det er berre informasjon frå verifiserte intervju som vil bli nytta i rapporten.

Datadel av rapporten vil fyrst bli sendt til selskapet ved dagleg leiar for verifisering. Delen som omhandlar fylkeskommunen si eigarstyring vil bli sendt til fylkesrådmannen for verifisering. Eventuelle faktafeil vil bli retta opp.

Etter dette vil høyringsutkast av rapporten med vurderingar og revisjonen sine forslag til tiltak bli sendt til fylkesrådmannen, eigarorganet for selskapet (eller fylkeskommunen sin generalforsamlingsrepresentant) og til selskapet ved styreleiar for høyringsuttale. Endeleg rapport vil bli sendt til kontrollutvalet.

3. Kontrollkriterium

3.1 Kontrollkriterium

Kontrollkriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, regelverk, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Kontrollkriteria under er ikkje utømmende for kva som kan vere relevant i kontrollen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

3.2 Vedtekter for selskapet

Av § 3 i vedtektene går selskapet sitt føremål fram:

«Selskapets formål er å drive regional næringsutvikling, etablerertjenester, profilering og markedsføring og andre tjenester som naturleg faller saman med dette, herunder å ha et aktivt forhold til regionens nettverksorganisasjoner innen utvalgte næringssegmenter. Selskapet har ikke erverv som formål. Selskapet skal ikke utdele utbytte.

Ved en eventuell likvidasjon av selskapet skal likvidasjonsutbytte anvendes til å fremme næringsutvikling i Bergensregionen ved at midlene skal gis til en organisasjon som oppfyller betingelsen».

Av § 6 går det fram at selskapet sitt styre skal ha frå fem til ni medlemmar.

Av § 10 går det fram at følgjande spørsmål skal handsamast og avgjerast på selskapet si ordinære generalforsamling:

1. «Godkjenning av årsberetning og årsregnskapet
2. Val av styre og revisor
3. Eventuelle vedtektsendringer
4. Andre saker som ligger til generalforsamlingen å behandle».

3.3 Aksjonæravtale

Av § 4 i aksjonæravtala mellom eigarane går det fram følgjande:

«Partene er enig om at det skal utarbeides prinsipper for aktiv eieroppfølging gjennom eiermøte/representantskapsmøter mellom eierne og selskapets styre og administrasjon.»

Av § 5 går det fram at det er oppretta ein valkomité bestående av ein representant frå Hordaland fylkeskommune, ein representant for Bergen kommune og ein representant frå dei øvrige eigarkommunane.

3.4 Aksjelova

I følgje aksjelova¹ § 5-1 første ledd representerer aksjeeigarane det øvste mynde i selskapet gjennom generalforsamlinga.

Kvar aksje gjev ei stemme dersom ikkje anna følgjer av lov eller vedtekter (jf. § 5-3). Innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår skal selskapet ha gjennomført ordinær generalforsamling (§ 5-5, første ledd). På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande saker handsamast og avgjerast (§ 5-5, andre ledd):

- Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, under dette utdeling av utbytte
- Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal seinast ei veke før generalforsamling sendast til kvar aksjeeigar med kjent adresse (jf. § 5-5, tredje ledd).

Forvaltninga av selskapet høyrer til under styret, og medlemmene blir valt av generalforsamlinga (jf § 6-3). Styret skal syte for forsvarleg organisering av verksemda (jf. § 6-12) og styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga av selskapet og selskapet sine andre verksemdar (jf. § 6-13).

Styremedlemmer tenestegjer i to år. I vedtektene kan tenestetida settast kortare eller lenger, men ikkje meir enn fire år (jf § 6-6).

Selskapet skal til ei kvar tid ha ein eigenkapital som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet (jf § 3-4).

3.5 Kommunens Sentralforbund sine retningslinjer for eigarstyring

Kommunens Sentralforbund (KS) sitt eigarforum har utarbeidd eit sett med anbefalingar² for korleis eigarskap bør forvaltast og kva system og rutinar kommunen bør etablere. I pressemeldinga knytt til anbefalinga er budskapet at kommunane bør følgje tilrådingane, eller grunngi kvifor ein i ein skilde tilfelle ikkje følgjer tilrådingane. I den sist oppdaterte versjonen (2011) omtalar KS nitten tema med tilhøyrande tilrådingar³:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde,
2. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar,
3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter,
4. Vurdering og val av selskapsform,
5. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd,
6. Tilsyn og kontroll med kommunale føretak og med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap,
7. Samansetting og funksjon av eigarorgan,
8. Gjennomføring av eigarmøte,
9. Eigars sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor,
10. Valkomitè for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap,
11. Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra,

¹ LOV-1997-06-13-44: Lov om aksjeselskap.

² *Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak* (januar, 2009)

12. Styresamansetting i konsernmodell,
13. Oppnemning av vararepresentantar,
14. Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra,
15. Kjønnrepresentasjon i styra,
16. Godtgjøring og registrering av styreverv,
17. Arbeidsgjevartilknytning i sjølvstendige rettssubjekt,
18. Utarbeiding av etiske retningslinjer,
19. Administrasjonssjefen si rolle i kommunale og fylkeskommunale føretak.

KS har også kome med anbefalingar til kva kompetanse styremedlemmar bør ha:

- Kunnskap om aksjelova, IKS-lova, kommunelova, andre relevante lover, forskrifter og avtalar som har betydning for selskapet si drift,
- Kunnskap om selskapet sitt føremål, vedtekter, organisasjon og historie,
- Kompetanse om private og kommunale rekneskapsprinsipp, evne til å lese økonomiske utviklingstrekk og foreta naudsynte grep når naudsynt,
- Kompetanse på offentleg forvaltning og de politiske og samfunnsmessige utfordringane til ei kvar tid.
- Spesialistkompetanse og erfaring på eit eller fleire område som t.d. juss, økonomi, marknadsføring, forvaltning, kommunalkunnskap, teknikk, HMT, leiging eller organisasjon,
- Ha kunnskap om trendar og utviklingstrekk innafor bransjen,
- Ha kunnskap om konkurrerande verksemder.

3.6 Fylkeskommunale vedtak

3.6.1 Eigarskapsmelding

Av Hordaland fylkeskommune si eigarskapsmelding går følgjande selskapsspesifikke eigarstrategi fram for Business Region Bergen:

«Selskapet driv næringsutvikling og etablerartenester i bergensregionen. Selskapet driv vidare med profilering og marknadsføring. Selskapet er eit viktig samarbeidsorgan i bergensområdet mellom næringsinteresser og kommune/fylkeskommune.»

Andre politiske vedtak og fylkeskommunale dokument vedrørande selskapet vil også vere aktuelle kontrollkriterium.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av seniormanager Birte Bjørkelo og seniorkonsulent Stine Karoline Olsen. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande standard, samt med naudsynt kompetanse og erfaring innanfor revisjon og selskapskontroll.

4.2 Tidsbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin art og den planen som er lagt for korleis det skal bli gjennomført, er det stipulert at det vil ta 220 timar å gjennomføre prosjektet for Hordaland fylkeskommune. Av dette er det pårekna om lag 50 timar i eigarskapskontroll og 170 timar knytt til forvaltningsrevisjon av selskapet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av empiri i høve til revisjonskriterium, og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.

Dersom kontrollutval i andre eigarkommunar ønskjer å delta i selskapskontrollen må det påreknast 65 - 75 timar knytt til eigarskapskontroll for kvar einskilde kommune. Timane som gjeld forvaltningsrevisjon av drifta i selskapet vil bli delt på talet på eigarkommunar som er med i prosjektet, gjerne i samsvar med eigardel i selskapet. Dette vil bli avtala nærare om det blir aktuelt.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil kunne skje i starten av februar 2013 og vil kunne vere klart for oversending til sekretariatet innan utgangen av august 2013, eller etter avtale med kontrollutvalet. Dette føreset at selskapet og kommunen innan avtalte fristar oversender all etterspurt dokumentasjon, at utvalte personar stiller til og verifiserer intervju, samt at selskapet innan avtalte fristar gjev tilbakemelding på rapportutkast i samband med verifisering og høyring. Vi har lagt opp til ein tidshorisont der det vil vere mogleg å inkludere fleire eigarkommunar i prosjektet.

4.4 Anna

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i høve til avtale.

Bergen, 4. desember 2012



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201209081
Arkivnr. 015
Sakshandsamar Breistein, Roald

| Saksgang | Møtedato | Saknr. |
|-----------------|----------|--------|
| Kontrollutvalet | 18.12.12 | 57/12 |

SELSKAPSKONTROLL AV BUSINESS REGION BERGEN - FORSLAG TIL PROSJEKTPLAN

Kontrollutvalet **18.12.12**

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Business Region Bergen AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 8.01.13. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, pluss ev. presentasjon i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 2.4.2013. Oppstart skjer først når vi veit kor mange som vil vera med.

HANDSAMING I MØTE

Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte forslag til prosjektplan og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Business Region Bergen AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, pluss ev. presentasjon i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 2.4.2013. Oppstart skjer først når vi veit kor mange som vil vera med.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 19. desember 2012



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 07.februar 2013

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 06/13

06/13 ÅRSMELDING 2012 FOR KONTROLLUTVALET

Bakgrunn for saka:

Sekretariatet har utarbeidd forslag til utvalet si årsmelding for 2012. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatane av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2012.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Forslag til årsmelding frå kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2012

**ÅRSMELDING 2012****KONTROLLUTVALET I SAMNANGER KOMMUNE**

1 *Føremål og oppgaver for kontrollutvalet*

Kontrollutvalet har som oppgave å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet skal og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre oppgaver. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar», finn ein kva som er oppgåvene til kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

2 *Samansetjing av kontrollutvalet*

Kontrollutvalet er slik samansett for valperioden 2011 – 2015:

| <u>Medlemmer:</u> | <u>Vararepresentant:</u> |
|-----------------------------------|--|
| Jens Harald Abotnes – leiar (Krf) | Brynjulv Hernes (Krf) Torill Abotnes Moss (Krf) |
| Hans Solberg – nestleiar (Sp) | Anne Tandstad (Sp) Arne Jørgensen (Sp) |
| Elin Dyrseth Liøen (Ap) | Nils Gåsdal (Ap) |
| Lena Tveit (Bygdelista) | Arne E. Holmefjord (Bygdelista) Rita M. Taule (Bygdelista) |
| Svein Verner Røseth (Frp) | Morten Røen (Frp) Arne Normann Tverlid (Frp) Marion Langhelle Pedersen (Frp) |

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Samnanger kommune har vedteke at det skal vera to representantar frå kommunestyret som går inn i kontrollutvalet. Jens Harald Abotnes og Svein Verner Røseth er kommunestyrerepresentantar.

3 *Om verksemda til kontrollutvalet i 2012*

Kontrollutvalet hadde 5 ordinære møter og handsama 38 saker i 2012.

- Frå og med hausten 2012 var møta i kontrollutvalet opne
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på nokre av møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vore innkalla til møter.
- Revisjonen har og delteke på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjon det vart bede om.

Dei viktigaste sakene:

- Rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune for 2011.
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2011.
- Gjennomføring av prosess med planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet.
- Opne eller lukka møter i kontrollutvalet.
- Årsmelding og kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for 2011.

- Utvalet har og som fast punkt på saklista – ”utvalet sitt kvarter”, samt meldingar og orienteringssaker.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørgja for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredstiller utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har trong for.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Kari Nygard har vore sekretær på alle møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Austevoll, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Os og Fitjar. Sekretariatet er og sekretariat for Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

5 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass, først og fremst for kontrollutvala, men også for deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT.

Det vert skipa til årleg fagkonferanse, og i 2012 vart den arrangert i Trondheim. Samnanger kommune hadde denne gongen ingen deltakarar på konferansen. På heimesida til FKT vert det samla aktuell informasjon og døme på rapportar etter arbeid med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll frå kommunane.

6 Revisjonstenesta

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Samnanger kommune. Avtalen gjeld frå 01.07.2010 og gjeld fram til 30.06.14, med opsjon for kommunen til å forlenga avtalen med to år.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid. På grunnlag av revisor sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar i 2012. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Bjarne Ryland, som i tråd med regleverket har lagt eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune, fram for kontrollutvalet. Unni Renate Moe har vore kontaktperson hjå Deloitte når det gjeld arbeid med rekneskapsrevisjon, og er den som har møtt i slike saker i kontrollutvalet.

7 **Opplæring**

Sekretariatet for kontrollutvalet ønskjer å bidra til så god overgang som mogeleg frå ein kontrollutvalsperiode til den neste. Som eit tiltak i så måte, blei det arrangert to-dagars folkevaldopplæring for kontrollutval i Hordaland på Solstrand. Representantar frå Deloitte stod for alle foredraga. Opplæringa tok utgangspunkt i «Kontrollutvalsboka». Denne boka er det Deloitte som har utarbeida på oppdrag av Kommunal- og regionaldepartementet. Alle medlemmene i kontrollutvalet i Samnanger kommune deltok på opplæringa.

Som ledd i folkevaldopplæringa er det og gjennomført ein presentasjon av kontrollutvalet for kommunestyret 20.06.12. Sekretariatet orienterte då om roller, ansvar og oppgåver som er mellom aktørane i kontroll- og tilsynsarbeidet; kontrollutvalet, revisjonen, kommunestyret og administrasjonen i kommunen.

8 **Kontrollutvalet på Samnanger kommune si heimeside og bruk av lese Brett på møter.**

Kontrollutvalet har gjennom heile 2012 arbeid med å få på plass betre informasjon om kontrollutvalet og lettare tilgang til den på Samnanger kommune si heimeside. Dette er nå kome på plass på ein god måte, og innkallingar og møteprotokollar frå møta er lett tilgjengeleg på heimesida.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet har teke i bruk lese Brett i 2012. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det lagt godt til rette både med opplæring og tilrettelegging på heimesida frå kommunen si side.

9 **Arbeid med forvaltningsrevisjon. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

På bakgrunn av dette gjennomført Deloitte i 2012, på bestilling frå kontrollutvalet, ein analyse av Samnanger kommune si totale verksemd for å m.a. få fram kor det ligg risikoar for at ting kan gå galt eller at innbyggjarane ikkje får dei tenestene dei har krav på. Analysen var med på å identifisere behov for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i kommunen. I gjennomføringa av dette arbeidet nytta Deloitte involvering av både administrasjon, politisk nivå og prosess i kontrollutvalet.

Resultatet av arbeidet vart plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016 som inneheld desse forvaltningsrevisjonsprosjekta i prioritert rekkefølge:

1. Sentraladministrasjon
2. Samhandling og brukarmedverknad i helse- og omsorgstenestene
3. Vedlikehald
4. Vedtaksoppfølging og måloppnåing
5. Spesialundervisning og tilpassa opplæring
6. Legevakt

Planen vart handsama i kommunestyret 20.06.12., og det vart fatta slikt vedtak:

1. «Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.»

I sitt siste møte i 2012 starta kontrollutvalet arbeidet sitt med å følgja opp planen. Det vart då bestemt å gjennomføra første prosjekt, og det vert tinga forvaltningsrevisjon innan «Kommuneadministrasjonen, med særleg fokus på internkontroll.»

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke organiseringa av den administrative organiseringa i Samnanger kommune, med eit særskilt fokus på korleis krav til internkontroll blir følgt opp. Det er lagt opp til slik spørsmålstilling i arbeidet med forvaltningsrevisjonen:

1. I kva grad legg organiseringa til rette for at rådmannsleiinga kan utøve tilstrekkeleg internkontroll?
 - a. Korleis sikrar rådmannen ei heilskapleg tilnærming til styring og kontroll i kommunen?
 - b. Er rollar og ansvar tydeleg definerte?
 - c. I kva grad er det etablert ei rapportering som gjer det mogleg å ha oversikt og kontroll med kommunen si verksemd?
 - d. Korleis vert risikovurderingar nytta i internkontrollen i kommunen?
 - e. Er det etablert eit tenleg system for avviksmelding?
 - f. Korleis vert internkontrollen dokumentert?
 - g. Er det utvikla eit samla internkontrollsystem i kommunen, og korleis fungerer ev. dette systemet?
 - h. Kva opplæring får dei tilsette knytt til internkontroll?
 - i. Er det etablert rutinar for oppfølging av at internkontrollen fungerer slik den var tenkt?
2. Korleis fungerer organiseringa av administrative funksjonar (stab og støtte) i kommunen?
 - a. I kva grad er det ei tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling mellom dei administrative funksjonane i kommunen?
 - b. I kva grad får tenesteeiningane tilstrekkeleg støtte frå administrative funksjonar?
 - c. I kva grad er det lagt til rette for tilstrekkeleg koordinering og effektiv utnytting av felles prosessar (t.d. personal, økonomi, innkjøp, IKT)
 - d. I kva grad er fullmakter og delegasjonar tydeleg kommunisert og formalisert?
 - e. I kva grad finst det tilstrekkeleg med prosessbeskrivingar knytt til dei administrative funksjonane?
 - f. I kva grad finst det tilstrekkeleg med funksjonsbeskrivingar?
 - g. Er det viktige oppgåver som ikkje har ein avklart ansvarsstad?
 - h. Korleis blir administrative oppgåver som ikkje fell naturleg innanfor eit område løyst?
 - i. I kva grad sikrar organiseringa tilstrekkeleg med kommunikasjon og informasjonsflyt?
3. I kva grad er ressursane føremålstenleg fordelt mellom dei administrative funksjonane?
 - a. Opplever ein at ressursane fordelt i samsvar med oppgåve- og ansvarsfordelinga?
 - b. Korleis er ressursbruken til Samnanger samanlikna med tilsvarande kommunar?

10 *Arbeid med forvaltningsrevisjon.
Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.*

«Administrative rutinar for iverksetting av politiske vedtak og for rapportering til politiske utval.»

Etter denne forvaltningsrevisjonen var det særleg to punkt som vart peika på burde betrast, og som vart vedteke av kommunestyret:

- Sikra administrativ kontroll med iverksetting og oppfølging av politiske vedtak ved å utarbeida rutinar for området
- Utarbeide rutinar for systematisk og jevnleg rapportering til kommunestyre og politiske underutval, når det gjeld status for iverksetting av vedtak.

Det er ved fleire høve rapportert tilbake til kontrollutvalet kva som er gjort når det gjeld oppfølging av desse punkta.

Det er sendt førespurnad til administrasjonen når det gjeld stoda for dette arbeidet no. Av tilbakemeldinga går det fram at det er lagt opp til faste rapporteringar til styringsgruppene, og at dette som oftast er eit av hovudutvala evt. kommunestyret. Melding vil oftast vera referat frå møte i styringsgruppe, byggemøte etc. Det er ikkje lagt opp til rapportering av andre type saker. Det er og vist til kva rutinar som gjeld for vedtak fatta i politiske møte.

Gjennom å ta i bruk systemet «Websak» har kommunen fått eit verktøy for oppfølging. Ein ser og svakheiter ved dette, særleg gjeld dette når det vert gjeve uttrykk for synspunkt, spørsmål m.m. i politiske møter, og som ikkje er formulert / handtert som eit vedtak. Typar saker dette kan gjelda er under «Utvalet sitt kvarter». Dette har vore drøfta internt, og konklusjonen er at det vert gjeve ansvar til den som ferdigstiller protokollen til å senda melding om slikt vidare til aktuell sakshandsamar.

Som eit ledd i generell internkontroll, også i høve til økonomirapportering, er det investert i verktøyet «Betre styring», frå kommunalforlaget. Dette er eit svært stort system som vert betre til meir informasjon og meir presis informasjon som vert lagt inn. Arbeidet er prioritert, og ass. rådmann har ansvaret. I løpet av eit par månader vil ein kunna presentera systemet for formannskapet evt. andre politikarar. Dette er eit styrings- og rapporteringssystem.

«Tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie- og omsorgstenesta.»

Kommunestyret gjorde vedtak ut frå rapporten som låg føre etter forvaltningsrevisjonsprosjektet. Av ting som skulle følgjast opp var:

- 1 *«Samnanger kommune må sikre at forvaltningslova sine reglar knytt til enkeltvedtak blir følgt når det gjeld

 - i. å vise dei reglar vedtak bygger på jf § 25 i forvaltningslova
 - ii. å visa til dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn jf § 25 i forvaltningslova
 - iii. å informera om rett til å klaga, klagefrist, klageinstans jf § 27 i forvaltningslova
 - iv. utsending av førebels svar jf § 11a i forvaltningslova*
- 2 *Praksis knytt til utsending av førebels svar må vurderast.*
- 3 *Trongen for opplæring av leiarar i budsjettering og økonomistyring må vurderast.*
- 4 *Ein må syta for å systematisera grunnlagsdokumentasjonen slik at eining for pleie og omsorg på ein betre måte kan synleggjere samanhengen mellom aktivitetar, ressursbehov og økonomi.»*

Det er gjeve orientering til kontrollutvalet om oppfølgingsarbeidet. Det er orientert om nye rutinar som er utarbeida, opplæring som er utført, samt arbeid med dokumentasjon av aktivitetar, ressursbehov og økonomistyring. Det er sendt førespurnad til administrasjonen om opplysning om stoda i dette arbeidet til bruk i årsmeldinga til kontrollutvalet med slik spørsmålstilling:

- Er rutinane som er teke i bruk tilfredsstillande ?
- Er det gjennomført tilstrekkeleg opplæring, og kva er evt. planlagt vidare framover ?
- Er det utarbeida tilstrekkeleg grunnlagsdokumentasjon, for å kunna synleggjera samanhengen mellom aktivitetar, ressursbehov og økonomi ?
- Kva vert det i tilfelle arbeida vidare med ?

Det er gjeve slikt svar frå rådmann:

«Rutinane som vart rapport om tidlegare er i bruk og fungerer tilfredsstillande. Dei aktuelle tilsette har alle vore på sakshandsamingskurs i regi av fylkesmannen med tema tildeling av tenester.

Agresso – rekneskapsystemet, fungerer svært tilfredsstillande i høve til betaling av reknningar og etterprøving. Her har personalet fått god opplæring. Budsjett og budsjettkontroll i Agresso har vore vanskeleg for mange. Alle rapportar er heller ikkje på plass. Rådmannen har vald å kjøpa inn på nytt hjelpeverktøyet – Arena -. Dette systemet hadde kommunen fram til kjøp av Agresso, og det har eit godt brukargrensesnitt som gjer kontrollarbeidet til personalet og budsjetteringa i einingane lettare.

Rådmannen har og kjøpt inn verktøy for utforming av tenestemottalar frå kommunalforlaget – Tenestekatalogar. Arbeidet med utforming av tenestemottalar for heile organisasjonen skal ha prioritet i vår. Ved hjelp av dette vil me få fram ein del samanhengar mellom tenestemottaket, ressursbehov og økonomi. Jmf. også tidlegare melding frå einingsleiar om usikre faktorar knytt til varierende etterspurnad.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre må kontrollutvalet vurdere om det er gjennomført tilstrekkeleg arbeid med oppfølging etter desse to forvaltningsrevisjonane, eller om ein framleis skal følgja opp kva som vert gjort vidare framover.

11 Arbeid med selskapskontroll

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

” Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.”

På bakgrunn av dette gjennomført Deloitte i 2012, på bestilling frå kontrollutvalet, ein analyse av Samnanger kommune sin eigarskap for å kunne prioritere kva selskap som kan vera grunnlag for selskapskontroll i perioden. I gjennomføringa av dette arbeidet nytta Deloitte involvering av både administrasjon, politisk nivå og kontrollutvalet.

Resultatet av arbeidet vart plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016 som inneheld desse selskapskontrollprosjekta i prioritert rekkefølge:

1. Samnanger kommune si eigarstyring.
2. Nordheimsund Industrier AS
3. Storeholmen VTA AS
4. Business Region Bergen AS

Planen var handsama i kommunestyret 20.06.12, og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012*
2. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.*
3. *Delegering av mynde til KU i høve endringar og omprioriteringar i planen m.m. vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglementet kjem opp i løpet av hausten 2012.*
4. *Delegering av mynde til KU i høve «revisjon» og evaluering vert vurdert av kommunestyret når sak om revisjon av delegeringsreglement kjem i løpet av hausten 2012.*
5. *I den grad Samnanger kommune vil ta initiativ til selskapskontroll, skal det takast kontakt med dei andre samarbeidspartane i selskapet før kontrollen vert sett i bestilling. Kontrollutvalet skal rapportera resultat av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.*

Arbeid med selskapskontroll er ei av dei pålagte oppgåvene til kontrollutvalet. Det er ikkje gjennomført prosjekt innan selskapskontroll i 2012.

11 Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune.

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2011 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr 24.529.701 til fordeling drift
- det var eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 2.358.479.
- positivt netto driftsresultat var på kr 5.766.213.
- Netto driftsresultat omrekna i netto resultatgrad vart 3,12 % , sett opp mot sum driftsinntekter

Rådmannen skreiv m.a. slik i si årsmelding:

”Også for 2011 kan me leggja fram ein rekneskap med eit positivt resultat. Det er likevel all grunn til å stilla kritiske spørsmål til ressursbruken. Delar av forbruket i 2011 vart betalt med oppsparte midlar – disposisjonsfondet til ressurskrevjande brukar og øyremerkja fond til auka tilskot til privat barnehage.

Samnanger har både større driftsinntekter og driftsutgifter enn dei fleste andre kommunar. Med dei utfordringane me står føre bør det tilseia at det er mogleg og forsvarleg å redusera drifta for å få plass til desse.

Omlegging av økonomisystemet krov mykje av tida til interne tenester. Fokus vart sett på å betala rekningar i tide og få utbetalt løn. Nytt system gjorde det også krevjande for dei budsjettansvarlege å fylgja med på forbruket, og me hadde i store delar av 2011 ikkje godt nok verktøy til å laga gode økonomirapportar.”

Kontrollutvalet meiner at rekneskap og årsmelding for kommunen er lagt fram på ein god måte.

12 Skatoppkrevjarfunksjonen.

Kontrollutvalet har og hatt kommunen sitt skatterekneskap, årsmeldinga frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2011 til handsaming.

Kontrollrapporten frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune totalt sett for 2011, i det alt vesentlige vert utført på ein tilfredsstillande måte, og i samsvar med gjeldande regelverk. Unnataket er manglande arbeidsgjeverkontrollar.

13 *Tilsyn frå Fylkesmannen*

Når Fylkesmannen gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenestoområde, gjev Fylkesmannen tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ein av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker. Fylkesmannen har gjennomført 1 tilsyn i Samnanger kommune i 2012:

Tilsyn med skulen sitt arbeid med det psykososiale arbeidsmiljøet i barne- og ungdomsskulen. Det vart gjeve varsel om pålegg om ting som skulane måtte følgja opp i arbeidet med psykososialt arbeidsmiljø, i rapporten etter tilsynet.

Kontrollutvalet har fått seg førelagt dokumentasjon på korleis arbeid med oppfølging av tilsynet har vore. Det er framlagt melding om at kommunen har følgd opp pålegg og tilrådingar på ein tilfredstillande måte, og at avviket er lukka.

14 *Dei viktigaste orienteringssakene til kontrollutvalet i 2012:*

- Sak vedr. bygging av kaianlegg på Bjørkheim.
- Bruk og utleige av kommunal kai
- Framdrift / status for planar vedr. utbygging av Samnangerheimen
- Rekneskapsrapportar for kommunebudsjettet
- Budsjettstatus for kontrollutvalet sitt budsjett
- Vedr. situasjonen i Nordheimsund Industrier AS

Samnanger, 07.02.2013

Jens Harald Abotnes
Leiar i kontrollutvalet



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 07. februar 2013

Sakshandsamar: Kari Nygard

Kopi til:

Sak: 07/13

07/13 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

| | |
|------------------------------|----------------------|
| Kommunestyret | Svein Verner Rødseth |
| Formannskapet | Elin Dyrseth Liøen |
| Utval for oppvekst og omsorg | Hans Solberg |
| Naturutvalet | Lena Tveit |

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 18.12.12
- Formannskapet første møte i 2013 er 12.02.13
- Utval for oppvekst og omsorg 05.12.12 og 06.02.13
- Naturutvalet 04.12.12

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar